

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

MÅNDAG 09.02.2014 KL. 13.15 – 14.45

Til stades: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Erik Bjerck Hagen, Marte Nordanger og Anna Watson (for Kjersti Aarstein).

Fråfall: Jill Walker Rettberg og Victoria Rosen

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Godkjenning av referat frå møtet 18.11.2014 – Referatet vart godkjent.
- III. Orienteringssaker
 - Det var 11 disputasar ved LLE i 2014.
 - Tre avhandlingar er for tida til vurdering. Ei avhandling vart dessverre underkjent i desember 2014.
 - LLE har lyst ut to opne stipendiatstillingar med planlagt start 01.01.2016.
1. **Innføring av «startsamtale» med nye ph.d-kandidatar og rettleiarar – orienteringssak**

Tor Trolie orienterte kort om at instituttet frå 2015 innfører eit møte mellom forskingsleiar, ph.d.-koordinator, nye ph.d.-kandidatar og rettleiarane deira. Det var ingen kommentarar til denne saka.
2. **Forskingsmelding 2014**

Det var ingen spørsmål eller kommentarar til forskingsmeldinga for 2014.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskingsmelding for 2014.

3. Forskarutdanningsmelding 2014

Det var ingen spørsmål eller kommentarar til forskarutdanningsmeldinga for 2014.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2014.

4. Forskargruppene og samlingane sine årsrapportar 2014

Årsrapportar for LLE sine forskargruppe og samlingar følgde med som vedlegg til innkallinga.

Vedtak:

FFU tek forskargruppene og samlingane sine årsrapportar til orientering.

5. Rapport frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga»

FFU drøfta innhaldet i rapporten og det vart mellom anna peikt på at saka er viktig for ph.d.-kandidatane og at det er viktig oppretthalda ordningar som fungerer godt. Rapporten vil vera tema på instituttet sitt internseminar 3. mars.

Vedtak:

FFU tek rapporten frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga» til etterretning. FFU meiner det er viktig å oppretthalda den lokale forskarskolen i språkvitskap og filolog, samt skapa eit fagleg-sosialt miljø for ph.d.-kandidatar innanfor dei litterære og estetiske fagområda.

6. Underkjenning og artikkelserie i «På Høyden»

FFU drøfta ulike tiltak for førebygging av underkjenning.

Vedtak:

For å auka gjennomføringa av ph.d.-kandidatar og hindra refusjonar gjer FFU framlegg om følgjande tiltak:

- 1. Det bør setjast i verk ei skjerping av dei allmenne opptakskriteria, samarbeid med fagmiljøa og ei skarpere vurdering av personleg dugleik som grunnlag for å verta tildelt stipend.**
- 2. Det vert innført eit «fyrste møte» mellom ph.d.-kandidat, rettleiar og forskarleiar, samt forskarutdanningskonsulenten. Her går ein gjennom plikter, ansvar og rettar. Det bør òg opplysast om at kandidaten har høve til å skriva artikkelbasert avhandling eller monografi.**
- 3. Instituttet bør gje ph.d.-kandidatane høve til ein «førehandsdisputas» der avhandlinga vert evaluert av ekstern kompetanse omlag 5 månader før ph.d.-perioden går ut.**

4. Det vert innført obligatorisk opplæring av rettleiarar og obligatorisk frammøte i eit "rettleiarforum" minst ein gong i året der rettleiarspørsmål vert tatt opp.

7. Høyring - Opplæring av rettleiarar innan forskarutdanninga ved HF

FFU drøfta ulike tiltak for opplæring av rettleiarar i forskarutdanninga. Det vart peikt på at temaet kan vera aktuelt på instituttet sitt internseminar 3. mars.

Vedtak:

FFU tilrår at det vert gitt eit opplæringstilbod til rettleiarar i regi av fakultetet og at det vert etablert to rettleiarfora ved instituttet, eitt i språkvitskap og filologi gi eitt i estetiske fag inkludert litteratur.

8. Ymse

- Stipendiatane vart bedt om å peika ut nokre ph.d.-kandidatar som kan bidra i debatten om organisering av forskarutdanninga på instituttet sitt internseminar 3. mars. Nordanger og Watson føl opp dette.

13.02.2015
Anne Berit Apold
skrivar